



Møre og Romsdal
fylkeskommune

KURS I KLIMATILPASSING

Gratis kurs om naturbaserte løysingar for klimatilpassing

KVEN

Alle som skal planlegge, gjennomføre og drifte naturbaserte løysingar, for eksempel planleggjarar, beredskap, bygg og eigedom, vatn og avløp, teknisk etat, infrastruktur etc.

Eit webinar vil vere tilpassa politisk og administrativ leing.

KVA

6 webinar á 2 timar + ei fysisk samling

NÅR

november 2023 – mars 2024

PÅMELDING

Du må melde deg på kvart enkelt webinar og den fysiske samling. Sjå lenker på side 3 og 4. Du kan [og](#) melde deg på via fylkeskommunen sin [kalender](#).



Kva kjem du til å lære?

Møre og Romsdal fylkeskommune, kan med støtte frå Miljødirektoratet, tilby kommunane kurs om naturbaserte løysingar for klimatilpassing. Kurset blir halde av Multiconsult.

Kurset skal gi kommunane nok kunnskap til å starte sine første prosjekt med naturbaserte løysingar. Kurset tek for seg:

- kva naturbaserte løysingar er
- kva for løysingar som eignar seg til ulike føremål
- kjennskap til kva løysingar som er testa ut og erfaringane med dei
- korleis ta i bruk naturbaserte løysingar
- korleis innarbeide krav og retningslinjer til naturbaserte løysingar i planverk og arealplanar

Vi oppfordrar alle om å vidaresende invitasjonen til kollegaer i heile kommuneorganisasjonen som kan ha nytte av kurset.

Har kommunen din utfordringar/problemstillingar de ønsker hjelp til?

Vi oppfordrar kommunane til å melde inn konkrete utfordringar /problemstillingar som de ønsker hjelp til. Multiconsult vil forsøke å bygge opp kursserien slik at det blir svart på dei innsendte problemstillingane

Multiconsult vil velje ut tre av desse utfordringane til den avsluttande fysiske samlinga i Molde. På samlinga vil Multiconsult vi gå nærare inn i desse tre utfordringane og kommunane vil kunne diskutere faglege problemstillingar med Multiconsults rådgivarar. Vi oppfordrar kommunane til å samarbeide om utfordringar/problemstillingar de ønsker belyst.

I kursserien ønsker vi å bruke eksempel frå fylket så langt det er råd. Har de eksempel på bruk av naturbaserte løysingar i kommunen ber vi om at de sender dei inn slik at vi kan bruke dei i kursserien.

Send både utfordringar og eksempel til ingeborg.simonsen@mrfylke.no.

Sjå webinarar saman med ein kollega

Vi oppmodar kommunane til å samle alle deltakarane frå eigen kommune i eit møterom for å sjå webinarar saman. Det vil bli satt av tid til diskusjon internt i kvar kommune under webinarar.

Berre 60 plassar på den fysiske samlinga

Det er plass til 60 deltakarar på den fysiske samling. Tildeling etter prinsippet om førstemann til mølla, maks. 5 deltakarar frå kvar kommune. Deltaking på den fysiske samlinga er gratis, men kommunane må dekke reisekostnaden sjølv.

Presentasjonane vil bli sendt ut samla etter at kursserien er ferdig.

Webinar

Du må melde deg på kvart enkelt webinar og den fysiske samling. Bruk lenkene under. Du kan òg melde deg på via fylkeskommunen sin [kalender](#). Alle webinar går kl. 09:30 – 11:30.

NBL = naturbaserte løysingar

Dato	Tema
29. nov.	<p>Introduksjon til NBL</p> <ul style="list-style-type: none">• Kva er eigentleg innhaldet i NBL, IUCNs definisjon• NBL sitt potensiale og avgrensingar• Nasjonale krav og forventningar, risikoaksept og sikringstekniske avgrensingar• Eksempel på NBL som<ul style="list-style-type: none">○ Element i kommunalteknisk overvasshandtering○ Element i flaum- og skredsikring○ Bekkeopning○ Andre eksempel <p>Lenke til påmelding.</p>
13. des.	<p>NBL som stadselement</p> <ul style="list-style-type: none">• NBL som trivselselement i bustadområde• NBL si rolle i forvaltning av naturmangfald og vassressursar• Naturen som naturbasert løysing?• Val av kultivarar, membranar og permeable massar på tak og terreng• Bruk av stadeigne massar <p>Lenke til påmelding.</p>

Dato	Tema
18. jan.	Praktisk bruk av NBL I – etablering <ul style="list-style-type: none"> • Val av dimensjonerande hending • Ansvar og økonomiske rammer • Betydninga av eit godt forprosjekt • Betydninga av god samhandling mellom prosjekterande, kommune og fylkeskommune • Eksempel på NBL og prosessar som må gjennomførast for å ta dei i bruk Lenke til påmelding.
31. jan.	Praktisk bruk av NBL II – forvaltning, drift og vedlikehald <ul style="list-style-type: none"> • Kva erfaringar har vi i dag med drift og vedlikehald av NBL? • Kven bør drifte tiltaket • Eksempel på skjøtselsplanar • NBL og BREEAM Lenke til påmelding.
14. feb.	NBL i plan I – for politisk og administrativ leiing <ul style="list-style-type: none"> • Eksempel på NBL • Statlege krav og forventningar • Om nødvendigheita av å skaffe seg eit hensiktsmessig kunnskapsgrunnlag • Om behovet for politisk forankring av risikoaksept og NBL • Eksempel på utbyggingsavtalar, samarbeidsløysingar, spleiselag mv. Lenke til påmelding.
28. feb.	NBL i plan II – plan, bygg, eigedom og teknisk sektor <ul style="list-style-type: none"> • Nye lovkrav på overvatn – kva skal kor i planhierarkiet? • Eksempel på bruk av arealformål og bestemmelser i plan • Eksempel på bruk av utbyggingsavtale, gjennomføringsavtale, samarbeidsløysingar, spleiselag og grunneigaravtale • Kommunevis gruppeoppgåve om lokale problemstillingar Lenke til påmelding.

Fysisk samling

I Multiconsult sitt lokale i ved ferjekaia i Molde. Adresse: Grandfjæra 32, 6415 Molde.

Programmet startar når dei reisande med bussen frå Sunnmøre kjem fram.

For at flest mogleg kommunar skal kunne delta kan de ikkje sende fleir enn 5 deltakarar frå kvar kommune.

Dato	Tid	Tema
19. mars	10:00-15:00	Fysisk samling i Molde, gjennomgang av lokale problemstillingar <ul style="list-style-type: none">• Introduksjon til tre innsendte eksempel• Gruppearbeid• Gjennomgang av løysingsforslag til eksempla• Diskusjon• Oppsummering og avslutning Lenke til påmelding.

Tidlegare kurs i klimatilpassing

Hausten 2021 arrangerte Miljødirektoratet, statsforvaltaren og fylkeskommunen i Møre og Romsdal og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), i samarbeid med KS og CICERO ei klimasamling for kommunane i Møre og Romsdal.

Samlinga bestod av ei fysisk samling og ein digital del med fagleg fordjuping på ulike tema. Miljødirektoratet sitt klimatilpassingskurs, *Vær Smart*, var ein viktig del av den digitale samlinga. Program og lenker til presentasjonane i Vær smart-kurset finn du her:

[Program](#)

Presentasjonar 16. nov:

[Steinar Taubøll, NMBU](#)

[Asgeir Jordbru, statsforvalteren i Nordland](#)

[Ellen-Birgitte Strømø, rådgiver, Klimalos](#)

Presentasjonar 23. nov

[Steinar Taubøll, NMBU](#)

[Eva Forsgren, NVE](#)

[Gunnar Wangen, Ørsta kommune](#)

Presentasjonar 23. nov

[Steinar Taubøll, NMBU](#)

[Kim Paus, NMBU](#)

[Stephanie Mayer og Kristin Richter, NORCE](#)

Opptak av presentasjonane kan ein få ved å sende ein e-post til [Espen Larsen](#).

<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/arrangementer/2021/november-2021/klimasamling-for-kommunene-i-more-og-romsdal/>